

Tid for dugnader og klargjering til sommarsesongen.

02.05.2018



Liv Hansen reinskar og plantar nytt i blomekassane i Båthamna.

Berre i denne veka er det tillyst fleire dugnader i lag, organisasjonar og velforeningar. I båthamna til Uskedal Båtlag har de vore gjort mykje flott ryddearbeit og beplantning. Husastyret for Gamleskulen hadde dugnad i veka som var med spyling og reingjering ute. Soknerådet har invitert til dugnad i morgen, torsdag 3. mai.

Liv og Jan Henrik Hansen har rydda langs kyrkjegardsmuren der det samlar seg mykje lauv frå trea inne på kyrkjegarden. Det er reinska og planta i dei store betongkassane. Båtlaget har kjøpt robot og slåtten er alt godt i gang. Hans Gutav Mussland har også vore med på arbeidet i båthamna. Egil Myhre har spylt og reingjort slippen og oppdraget.

Soknerådet skal gjera ymse arbeid ute,- vaska og spyla tregjerde. Elles er det reinsking av kantar og bortkøyring av lauv.

Geilo Grannelag har stort arbeid på gang med asfaltering og rydding. Sameiga i Beinavikjo har lagt opp til dugnad to ettermiddagar i denne veka. Det gjeld mellom anna spyling, beplanting, vasking og måling. Alle med hus og hytter på Holmen har lagt opp til ryddedugnad på laurdag. Fram til 17. mai vert det dugnad på Stemnepllassen med rydding og klargjering til nasjonaldagen.

Tilsaman utgjer dette eit stort og omfattande frivillig arbeid for å skapa trivsel i nærområda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er kjøpt inn og klargjort for robot i Uskedal båtlag si båthamn. Slåtten er alt byrja.